

Fyrstkomande fredag og laurdag (palmehelga) vil Gil Edwards stå for det musikalske i Dønhaugkjedlaren.

Han har vitja Dønhaug fleire gonger før, og skapt seg eit godt namn blant gjestene. Gil er ein fantastisk musikar og ein artist utanom det vanlege. Han kjem opphaveleg frå USA, men har no slått seg ned i Ålesund-distriktet. Gil opererer innan sjangeren roots/rock, med innslag av både country og blues og er ein artist som bør opplevast live.

Langfredag er det folk-rock bandet "The Foggy Few" som står for det musikalske. Bandet held til i Bergen, og musikken dei presenterar er fengande folk-rock, inspirert av irsk og skotsk musikk. Bandet har etterkvart opparbeida seg eit rykte som eit forrykande liveband, noko gjestene som fekk oppleve dei i Dønhaugkjedlaren påska 2006 kan stadfesta.

Debut albumet deira "The Pint of No Return" (2006), fekk strålende kritikk. Dagbladet skriv m.a.: "Snakk om å ta sjangeren på kornet. Dette er festmusikk som svingar på plate og sikkert enda meir live" Til våren kjem deira neste album.

Sidan starten i 2003, har bandet delt plakat med dei største norske artistane og turnert Noreg på kryss og tvers.

Bandet består av:

Stig Bruhjell - banjo, mandolin, mandola, harmonica, flutes, vocals, backing vocals

Atle-Hjørn Øien - vocals, guitars, backing vocals

Lars Topho Nordtveit - drums

Kjetil Bjørnevoll - bass, backing vocals

Håkon Askeland – mandolin

Påskafta blir det Pub-kveld i Dønhaugkjedlaren.

Av Magne Huglen